



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Rauland, Haukeli og Møsstrond Skuterklubb - Søknad om auka støtte til drift av skuterløypene

Vedlegg

- 1 Oversikt Haukeli Skuterklubb
- 2 Svar til kommunen på søknad.docx
- 3 Regnskap RSK 2024.pdf
- 4 Budsjett tråkking som klubbane ynskjer.xlsx
- 5 Søknad stønad skuterklubbane.docx
- 6 Møtereferat etter fellesmøte med alle løypekøyrarar i Vinje

Dokument i saka

Sak nr 2024/3600-2

Bakgrunn

Denne saka var oppe til handsaming i Formannskapet den 30. januar 2025, der saka vart sendt attende til administrasjonen for å få meir grunngjeving for søknaden.

Dei ulike klubbane har difor kome med deira måtar dei organiserar løypearbeidet på. Det er litt ulik praksis, då det er ulik lengde på løypene dei respektive klubbane har ansvar for. I svaret til sak 8/2025 frå snøskuterklubbane, samt oversikten frå Haukeli Skuterklubb, er det skildra korleis dei gjennomfører dette arbeidet på.

Som reknskapet frå Rauland syner, vert alt av pengar nytta til vedlikehaldet og soleis ikkje att midlar til klubarbeidet. Det er om lag likt resultat for dei andre klubbane.

Det er og lagt ved eit ynskje budsjett, som ville vera det mest ideelle.

Vurdering

Kommunedirektøren har i saksframlegget til førre handsaming, sagt si meining om den fantastiske jobben dei ulike skuterklubbane gjer, men vil i tillegg påpeike kor viktig det er for å greie å kanalisere skuterkøyninga i størst mogleg grad, at løypenettet er i god stand.

Kommunedirektøren har og gjennom samtaler, fått skildra samarbeid med entreprenørane som i dag preppar skiløypenettet, og kan oppsummer gjennomføringa slik:

Rauland Skuterklubb leiger prepping frå ulike entreprenørar. For mindre prepping betalar dei for kvar km den einskilde er med å held i orden.

Møsstrand skuterklubb betalar nokre medlemmer, for timane som blir nytta til prepping, skilting m.m.

Haukeli Skuterklubb har eigne gamle maskiner, som vert kjørt på dugnad. Samt det vert lånt utstyr frå lokale verksemder. I tillegg vert det betalt litt for drivstoff til dei som møter på dugnadar.

Dette syner at dei har litt ulik måte å gjennomføre løypeansvaret på. Kommunedirektøren ser difor behov for å lage nokre retningslinjer eller krav i høve til støttebruken, felles for alle tre klubbane. Og vil i løpet av hausten, kalle inn alle klubbane til arbeidsmøte, der me saman får lande slike retningslinjer.

Kor gode desse løypene er, vil og vera avhengig av kor ofte ein har prepping og vedlikehald. Men også kor stor bruk det er av løypene og kor mykje nedbør det kjem. Det har hittil basert seg på skjønn om kor stort behovet for prepping er. Erfaringa syner at er det for dårleg preppa, vert det meir køyring utom løypa, noko ein ikkje ynskjer i høve til grunneigarar og miljøet.

Den 29. april 2025, var det eit dialogmøte der alle skuterklubbane og idrettslaga i kommunen var samla. Temaet var å sjå om det var mogleg å samarbeide meir i høve til prepping av løypene, både dei til idrettslaga og dei til skuterklubbane. Det kom fram der at det er nok mogleg med noko samkøyring, men det fordrar relativt store investeringar i løypeutbetring. Slik at dette kan ein på sikt arbeide mot, men pr i dag er det ikkje mogleg.

Det er søkt om ein årleg auke i høve til det dei får i dag, på kr 200 000,- til fordeling på dei ulike klubbane. Det vil sei at ein samla betalar ut om lag kr 550 000,-, etter denne auken.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune, løyver årleg eit tillegg på kr 200 000,- til fordeling på Rauland, Haukeli og Møsstrand Skuterklubb. Inndekning frå næringsfondet.